



ÅLESUND KOMMUNE


# PLAN FOR KARTLEGGING AV ELEVAR

## 1.-10 TRINN

### Innleiing:

Denne kartleggingsplanen er ein overordna kommunal plan for alle grunnskulane i Ålesund kommune. Kvar skule kan legge til fleire kartleggingar/tiltak i eigen lokal plan. Planen tek føre seg kva for prioriterte kartleggingsprøver alle elevar skal igjennom på ulike klassetrinn. Vidare kan ein finne tips til kartleggingar og tiltak for elevar som treng oppfølgande kartlegging. Som vedlegg finn ein ein eigen del om dysleksi med forslag til rutinar skulane bør ha i arbeidet med elevar med dysleksi. Planen er utarbeid i samarbeid med skulane og PPT i Ålesund.

For å gi elevane tilpassa opplæring, er det avgjerande å hente inn god og rask informasjon om elevar som strevar. Det er viktig at ein tidleg fangar opp elevar som ikkje følgjer normal progresjon i opplæringa, t.d. i leseutviklinga. Gode rutinar og tidleg innsats er avgjerande for desse elevane.



## Kartleggingsrutinar

### **FØR** kartlegging:

- Sette av tid på teammøte der gjennomføring og rutinar blir drøfta, og der alle får informasjon om prøvene/kartlegginga.
- God informasjon på foreldremøte på dei aktuelle trinna. Sende heim infoskriv frå Udir ved nasjonale prøver.
- Elevane får god informasjon om målet med kartlegginga, og kva som skal kartleggast.

### **ETTER** kartlegging:

- Legge resultata inn i Conexus
- Gi beskjed/ drøfte elevar som er i faresona med spes.ped.koordinator og administrasjon.
- Tilbakemelding til foreldre/føresette og elevar.
- Gjennomføring av tiltak for elevar som har resultat i nærleiken av, eller under kritisk grense.
- Tilbakemelding til foreldre/føresette om kva for tiltak ein startar opp.
- Evaluere effekt av gjennomførte tiltak.
- Eventuelt drøfting/ oppmelding til PPT.
- Eventuelt utforme søknad om hjelpemiddel til **NAV** (t.d. PC, Textpilot).
- Etter eventuelt sakkunnig vurdering; kontaktlærer/ spes.ped.lærer les og går gjennom rapporten, og utarbeidar ein IOP i tråd med sakkunnig tilråding

Prioriterte kartleggingsprøver for dei ulike trinna i Ålesund

Trinn	Prioritert kartlegging for alle elevar på trinnet	Tidsramme	Anbefalte supplerende tester for enkeltelever eller hel gruppe	Videre kartlegging av enkeltelever som scorar under kritisk grense eller er i "gråsona"/evt. henvisast vidare
1.	Kartlegging av bokstavkunnskap (iMal, Bokstavprøven, Lesesenteret ) (Både gjenkalling og gjenkjenning)  Kartleggingsprøve i lesing (UDIR)	Skulestart/ Haust/vinter/vår  Veke 11-18	Kartlegging av grunnleggende begreper (Nyborg)  SOL/LUS (overvaking av eleven si leseutvikling)  Oppstartsprøve i SALTO (Fonologisk bevisstheit)	Språk 6-16 saman med 20 spørsmål
	Kartleggingsprøve i rekning (UDIR)  Symptesten	Vår  Vinter	Alle teller Teste at eleven kan koble talsymbol og mengde på tala opp til 10.	
2.	ORF-test/SOL/LUS (Overvake eleven si leseutvikling)  Leseprøve morsmål – NAFO (for fl.spr. elevar)	Haust/Vår	Kartlegging av bokstavkunnskap Setningsleseprøven (S40) Ordkjedetesten Kartlegging av språklig bevissthet (Nyborg)	Språk 6-16 saman med 20 spørsmål Logos/Literate  Våletest
	Symptest  Reknefaktaprøven	Haust  Vinter	Dynamisk matematikk  Alle teller	

Trinn	Prioritert kartlegging for alle elevar på trinnet	Tidsramme	Anbefalte supplerende testar for enkeltelevar eller hel gruppe	Vidare kartlegging av enkeltelevar som scorar under kritisk grense eller er i "gråsona"/evt. henvisast vidare
3.	ORF-test /SOL/LUS (Overvake eleven si leseutvikling)  Kartleggingsprøve i lesing (UDIR)  Leseprøve morsmål – NAFO (for fl.spr. elevar)	Haust/Vår  Veke 42-43	Setningsleseprøven Ordkjedetesten	Språk 6-16 saman med 20 spørsmål Logos/Literate
	Kartleggingsprøve i rekning (UDIR)  Symptest Reknefaktapøven	Haust  Vinter	Dynamisk matematikk  Alle teller	M-Prøven - dynamisk
4.	ORF-test /SOL/LUS  Leseprøve morsmål – NAFO (for fl.spr.elevar)	Haust/Vår	Setningsleseprøven (S40) Ordkjedetesten	Språk 6-16 saman med 20 spørsmål Logos/Literate  Våletest
	Lokalt kartleggingsmateriell i rekning  Symptest Reknefaktapøven	Vår  vinter	Dynamisk matematikk  Alle teller	M-Prøven - dynamisk

	<b>Mellomtrinn</b>			
<b>Trinn</b>	<b>Prioritert kartlegging for alle elever på trinnet</b>	<b>Tidsramme</b>	<b>Anbefalte supplerende tester for enkeltelever eller hel gruppe</b>	<b>Videre kartlegging av enkeltelever som scorer under kritisk grense eller er i "gråsonen"/evt. Henvises videre</b>
<b>5.</b>	ORF-test / SOL/LUS  Nasjonale prøver lesing og engelsk  Kartleggeren – lesing,matematikk,engelsk  Leseprøve morsmål – NAFO (for fl.spr. elever)	Haut/Vår  Veke 36-39  vår	Setningsleseprøven (S40) Ordkjedetesten	Språk 6-16 saman med 20 spørsmål Logos/Literate
	Nasjonal prøve i regning  (Symptest) (Regnefaktaprøven)		Dynamisk matematikk  Alle teller	M-Prøven - dynamisk
<b>6.</b>	Kartleggeren – lesing, matematikk, engelsk		Symptest Regnefaktaprøven SOL/LUS	Språk 6-16 saman med 20 spørsmål Logos/Literate Våletest
<b>7.</b>	Kartleggeren – lesing, matematikk, engelsk		Setningsleseprøven (S40) Ordkjedetesten Regnefaktaprøven SOL/LUS	Språk 6-16 saman med 20 spørsmål Logos/Literate

	Ungdomstrinn			
Trinn	Prioritert kartlegging for alle elevar på trinnet	Tidsramme	Anbefalte supplerende tester for enkeltelever eller hel gruppe	Videre kartlegging av enkeltelever som scorer under kritisk grense eller er i "gråsonen"/evt. Henvises videre
8.	Nasjonale prøver i norsk/regning/engelsk	Haut	Kartleggeren – norsk/matematikk/engelsk Dynamisk matematikk Alle teller	Språk 6-16 saman med 20 spørsmål Logos/Literate Våletest
9.	Nasjonal prøve i norsk og rekning	Haut	Kartleggeren – norsk/matematikk/engelsk Dynamisk matematikk Alle teller	Språk 6-16 saman med 20 spørsmål Logos/Literate
10.	Kartleggeren – norsk/regning/engelsk	Haut	Dynamisk matematikk Alle teller	Logos/Literate Språk 6-16 saman med 20 spørsmål

Beskrivelse av supplerande kartlegging og eventuelle alternativ til lista over:		
Kartlegging av leseutvikling	Fange opp born som viser tidlege teikn på lesevanskar	2.-5. trinn
Arbeidsprøven (Statped)	Kartlegg utviklingspotensiale til elevar med lese- og skrivevanskar	Ved behov
Arbeid med ord	Undervisningsmateriell for elevar med lærevanskar	Ved behov
Lesesenterets staveprøve	Orddiktat. Screening eller diagnostisk prøve på individnivå	Ved behov i grupper eller med enkeltelever
Læreintsstøttande prøver i lesing/ Leseforståingsprøve (Lesesenteret)	Gir eit heilskapleg bilete av eleven si leseforståing. I form liknar prøva på nasjonale prøver i lesing	6. trinn (5.-7. trinn)
Logos/Literate	Å oppdage språkvanskar/dysleksi tidleg, bør gjerast i tillegg til språk 6-16	Ved behov
iMal/Tempolex/Relemo	Kartlegge elevar sin leseugleik – her har vi felles digital kommunelisens	Ved behov
Språk 6-16	Fange opp elevar som bør utgreiast vidare med tanke på språkvanskar. Kan takast på elevar der leseutviklinga har stagnert	Ved behov
20 spørsmål om språkferdigheiter	Å oppdage språkvanskar tidleg, bør gjerast i tillegg til språk 6-16	Ved behov
Turid Helland: «The English 2 Dyslexia test»	Denne er spesielt utvikla for elevar på 6.-7. trinn, men kan og brukast på eldre elevar. Kan tingast på <a href="http://vesttest.no">vesttest.no</a>	Ved behov
Readingtest	Kartlegging i engelske leseferdigheter – nettbasert	
M-Prøven - dynamisk	Hjelpemiddel for å fange opp elevar som har vanskar med matematikken	2.-10. trinn
Kartlegging av matematikkvanskar – Lunde.	Ei hjelp til å utforme hjelpetiltak overfor elevar med matematikkvanskar	Ved behov
Dynamisk kartleggingsprøve i matematikk (Trøndelag kompetansesenter, Svein Aastrup)	Ei hjelp til å utforme hjelpetiltak overfor elevar med matematikkvanskar	Ved behov (1.-5. Og 6.-10.)
Læringsstøttande prøver i matematikk (Matematikksenteret)	Omhandlar misoppfatningar elevar kan befinne seg i	5. trinn – 10. Trinn
Våletest	Kartlegging av enkel språklig minne og hukommelse	2., 4., 6. og 8. trinn



## Vedlegg: Systematikk rundt elevar med dysleksi:

### RUTINE FOR INFORMASJON OG OPPLÆRING AV ELEVAR OG FØRESETTE I SAMBAND MED DYSLEKSIDIAGNOSE

Informasjon om lese -og skrivevanskar

Det kan vere mange grunnar til at nokon har vanskar med lesing og/eller skriving. Mangelfull opplæring, låg motivasjon, dårleg konsentrasjon, læringsmiljø, heimesituasjon eller generelle evner kan føre til dette.

Dysleksi er derimot det vi kallar spesifikke lese- og skrivevanskar. Det betyr at det ikkje kan forklarast med forhold som nemt ovanfor. Det betyr også at vanskane er vedvarande. Med rett hjelp kan omfanget reduserast, men vanskane vil ikkje forsvinne heilt. Elevar med spesifikke vanskar må få kompensere med hjelpemiddel.

Kva er dysleksi? (henta frå Dysleksi Norge)

- Ein spesifikk lærevanske.
- Medfødt og livsvarig, og skuldast ikkje svake evner eller dårleg opplæring.
- Det er ca. 5 – 7 % som har dysleksi.
- Det er like mange jenter som gutar som har dysleksi.
- Ordet dysleksi kjem frå «DYS» og «LEKSIA», som betyr “vanskar med ord”.
- Dysleksi er arveleg. Det er 38 til 50 % sjanse for at barnet får dysleksi om ein av foreldra har det. Det er ikkje all dysleksi som er arveleg. Dysleksi er alltid resultat av et komplisert samspel mellom arv og miljø, som startar allereie i fosterlivet. Ein arvar altså ikkje dysleksi; ein arvar gen som kan gi disposisjon for dysleksi.
- Det er brei semje om at dysleksi er eit problem med lydane i språket (fonologi). Det er vanleg å blande bokstavlydar som til dømes b/d og b/p. Det er også vanskeleg å rime.
- Dei med dysleksi har ikkje primært eit problem med å forstå innhaldet i det dei les, men med å lese i seg sjølv. Skrivevanskane er også ofte alvorlege og varige.
- Dei med dysleksi har språkleg redusert arbeidsminne. Det vanlege er å hugse sju pluss-minus to einingar. Dyslektikarane hugsar fem pluss-minus to einingar.

### Følgjevanskar eller sekundære vanskar

Mange med spesifikke lærevanskar opplever andre utfordringar, som kan vere vel så store som hovudvansken. Her er døme på utfordringar som dei med dysleksi, dyskalkuli og spesifikke språkvanskar kan ha:

- lære klokka, samt tidsomgrep
- skilje høgre og venstre, samt retningssans
- låg sjølvkjensle, meistringsfølelse og motivasjon
- grovmotoriske og finmotoriske vanskar
- konsentrasjonsvanskar
- strukturelle vanskar
- problem med omgrep

### Rettar ved dysleksi:

- Både kartlegging og diagnostisering er viktig for å vurdere presise tiltak
- Sakkyndig vurdering (beskriv behova eleven har, behov for hjelpemiddel, kva for tilretteleggingar dei treng, kva for fritak eleven treng)
- Ved behov for spesialundervisning; rett på en individuell opplæringsplan (IOP) og til fritak for vurdering med karakter
- Medlemskap i Dysleksi Norge
- Medlemskap i Norsk lyd- og blindeskriftbibliotek (NLB) (app: Lydhør)
- Datahjelpemiddel og andre tilrettelagde læremiddel (moglegheit for å få stønad frå NAV til PC/nettbrett)
- Tilrettelagde prøver og eksamen (t.d. utvida tid, opplesing av tekst og/eller kunne svare munnleg)
- Fritak frå vurdering med karakter i fag der du har spesialundervisning, fritak frå sidemål på ungdomsskulen og VGS

Tips til føresette med barn som har dysleksi:

- Ver språkleg aktive – les høgt eller bruke lydbøker
- Ver språkleg aktive i samtaler om det dei ser – utvikle eit godt ordforråd
- Samtal om det å ha dysleksi
- Ha forventingar til kvarandre om heimearbeid/lekser
- Ver i eit tett samarbeid med skolen om bruk av hjelpemidlar og tilrettelegging
- Melde seg inn i Dysleksi Norge

Meir informasjon finn du her: <http://dysleksinorge.no/rettigheter-skole/>



Rutine for å følgje opp elevar med dysleksi

I arbeidet med desse elevane er det viktig å hugse at desse elevane skal lære det same som andre elevar. Det er ikkje evna til å lære som er utfordringa, men dei slit med å lære med å lese ein tekst. Difor må vi kompensere. Husk også at mange slit med strukturelle vanskar. Difor er støtte til KORLEIS ei oppgåve skal løysast viktig.

Kva	Korleis	Kven	Når
Ved mistanke frå elev, foreldre eller lærar (Sjå plan for kartlegging)	Ta LOGOS, ved mistanke om spesifikke vanskar blir PPT kopla inn	Kontaktlærar melder frå til spes.ped koordinator	Med ein gong ein mistenker spesifikke vanskar
Lag ein plan for eleven (også for elevar som ikkje skal ha spesialund.)	Saman med elev og føresette: Lag ein klar plan for korleis de skal arbeide	Kontaktlærar i samarbeid med spes.ped koordinator	Med ein gong
Gje eleven tilgang til alt fagstoff	Digitale lærebøker. Modellering	Alle lærarar må ta dette i bruk i undervisninga si	Med ein gong
Lær eleven å bruke digitale læremiddel		Sjå IKT-plan	

Lær eleven å bruke talesyntese		Sjå IKT-plan	
Prøv ut og installer dei programma eleven treng	Det må gjerast ei fagleg vurdering ut frå eleven sin alder, vanskar og styrker. Kva slags verktøy skal eleven bruke? Sjå IKT-plan.		
Finn ut korleis eleven kan få vist det han/ho kan:	Bruk lese- og skrivestøtte. Munnlege prøver. Tale til tekst Ha tett kontakt med elev/foreldre i dette arbeidet.	Kontaktlærer saman med faglærer	
Sjekk om lekser og vekeplan fungerer for eleven	Pass på at lekser blir tilpassa reelt, og at ein ikkje berre tilpassar mengde. Når eleven ikkje klarer å arbeide etter den planen klassa har, lag eigen.	Kontaktlærer i samarbeid med faglærarane	
Søknad til NAV om Lingdys, Textpilot, evt. hjelpemiddel	Om ein finn ut at eleven har nytte av Lingdys, må det søkast om lisens frå NAV.		
Melde inn i NLB	Alle elevar med dysleksi har rett til å låne lydbøker med god kvalitet hos NLB. Husk å installere Lydhør (app)		
Alt fagstoff, oppgåver og prøver skal ligge digitalt	Eleven skal raskt kunne bruke talesyntese på alt han/ho treng for å følgje undervisninga.	Alle lærarar	
Tett kontakt med heimen	Ha kontakt med heimen 1 g. pr. måned til ein ser at alt er på plass. Lag alltid skriftleg referat.	Kontaktlærer	
Om ein metode ikkje fungerer, bytt metode!	Elevar med dysleksi er ulike. Om ein ser at ting ikkje fungerer må ein gjere endringar. Bygg på det som fungerer bra.	Alle lærarar	
Dokumentasjon	Alle tiltak må dokumenterast. Det er viktig i tida før utgreiing og etterpå.	Alle lærarar, kontaktlærer har eit samla ansvar	

Tiltaksplan for elevar med dysleksi i Ålesund kommune (planen gjeld der ein ikkje har eigen IOP)

**Namn:**

**Fødselsdato:**

**Skoleår:**

**Årstrinn:**

**Individuelle mål:**



**Inneverande skoleår får du tilpassa ditt opplæringstilbod på denne måten:**

- Kontaktlærer (med hjelp frå IKT), gir opplæring i dei aktuelle programma du treng.
- Du kan bruke PC/Nettbrett til alt skrivearbeid, i alle fag.
- Du får alle lærebøker digitalt, eller som lydbøker om du treng det.
- Matematikklærer vil gje tilbod om opplesing av oppgåvetekstar på matematikkprøver.
- Du kan få ta prøver munnleg i samfunnsfag, KRLE og naturfag.
- Du kan få tilpassa arbeidsplan om du ynskjer det.
- Det vil bli gjennomført opplæring slik at du veit korleis du best kan bruke ulike hjelpemidlar ved tekstskriving.
- Det kan søkjast om fritak for vurdering med karakter i skriftleg sidemål når ein har dysleksi.
- Rektor kan etter søknad frå føresette gjere vedtak om at eleven får ekstra tid til gjennomføring av eksamen. Ein kan også få betre tid på prøver.
- Treng du hjelp til å tilpasse leksene dine, så får du det.

Dato: \_\_\_\_\_

**Planen er utarbeidd av:**

Kontaktlærer: \_\_\_\_\_

Føresette: \_\_\_\_\_

Elev (15 år): \_\_\_\_\_

Rektor: \_\_\_\_\_